


KULTURDEPARTEMENT
Postboks 8030 Dep,
NO-0030 Oslo



Dykkar ref. 16/2585 Vår ref. 087/17-114

Tyssedal, den 31.12.2016

Rapport for vedlikehald finansiert gjennom tiltaksmidlane 2016, sysselsetjingstiltak. Viser til tilskotsbrev datert 17.12.2015 der de løyver 2 mill. kroner i eingongstilskot for å styrkja vedlikehaldet av kulturhistoriske bygningar museet har forvaltningsansvar for.

Oppsettet nedanfor refererer til innsendt brev: «Bruk av sysselsetjingsmidlar – rapport om status» datert 10. mai 2016

Gjennomgang av postane i statusrapporten frå 10. mai :

Post 1

P-1349 Tak bygg 026 smia på Smelteverkstomta.

Arbeidet er slutført (sjå vedlegg - bilete) Delfinansierte av Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune. Sysselsetjingsmidlane fullfinansierte prosjektet. God planlegging og røynd entreprenør førte til at prosjektet vart gjennomført 180 094,- under budsjett. (Sjå vedlegg 1 tabell over disponering av 2 mill. frå KD) Totalentreprenør Byggmeister Samson Kjoberg A/S med ansvar for underentreprenørar. (eigen rapport er vedlagd)

Post 2

P-1353 Odda Vitensenter tak.

Arbeidet er avslutta. Eigen rapport for prosjektet er vedlagd, Prosjektet vart delfinansierte av Stiftelsen Uni (kr.: 250 000,-) og fullfinansierte av sysselsetjingsmidlane. Restaurering av gamle tak fører ofte til uføresette overraskingar (sjå prosjektrapporten). Difor vart prosjektet vesentleg dyrare enn budsjettert (kr.:125 737,-). (Jf vedlegg 1) Totalentreprenør Bu Bygg A/S med ansvar for underentreprenørar.

Post 3, 4 og 5

P-1355 Folgefonngata

Vedk. post 3

Tak i Folgefonngata 11 og 13. Skifer er demontert, råteskadar utbetra, takvindu restaurerte, ny papp, lekter og rekker før remontering av skifer. Grunna lekkasje frå gamal utekran i vestveggen vart råteskade i vegg på Folgefonngata 13 utbetra. Nytt tekjokken gjer at lokala kan nyttast til utleige. Totalentreprenør Bu Bygg A/S med ansvar for underentreprenørar, samt B. Mikkelsen AS.

Vedk. post 4

Dette er ikkje utført då Odda energi ikkje har hatt kapasitet til gjennomføre tiltaket i 2016

Vedk. post 5

Folgefonngata 9 solskjerming. Inventaret i arbeidarbustadene forfell grunna sollys. Odda trykkeri har levert solfilm på vindaug.

Prosjekta vart gjennomført til kroner 27 351,- under budsjett

Post 6

P-1352 Avtrekk bygg 026 smia Smelteverket.

Grunna krav i arbeidsmiljølova og målingar frå bedriftshelsetenesta vart det montert mekanisk avtrekk over essene i smia. Tilbod vart henta inn og Fylkeskonservatoren godkjende igangsetjing. Arbeidet vart utført av Odda Mekaniske verkstad AS, GK inneklima AS, Vebenstad Elektro AS og Odda Liftutleie AS. Arbeidet vart gjennomført til kr. 8 187,- under budsjett.

Post 7

Skjeggedalstova - utgår

På forsommaren 2016 var det svært godt ver og vi valde difor å gjennomføre behandlinga av tak og veggjar på den gamle røykstova i eigen regi. Årsakene til dette var at vi hadde fått melding om tilleggsarbeid på post 2 Taket på vitensenteret og at våre tilsette hadde vore på kurs i bygging av stillas og vi måtte gjennomføre tiltak slik at dei fekk påkravd praksis.

Hausten 2016 var vi godt i gang med alle tiltaka og vi såg at vi ikkje kom til å bruka alle dei løyvde midlane og at det var behov for å setje i gang andre tiltak. Å setje i gang nye prosjekt ville gjera det vanskeleg å bruka alle midlane innan utgangen av 2016.

I samband med søknadsarbeid på pågåande prosjekt «Publikumstoalett nord i Tyssø 1 kraftanlegg» vart prosjektkalkylane justert og grunna stans i arbeidet og endringar i planar vert dette prosjektet vesentleg dyrare. Vi vart innvilga 725 000 frå Hordaland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Hardanger og med rest av sysselsetjingsmidlane frå Kulturdepartementet var vi godt i gang med fullfinansieringa.

Ny post

P-1342 Tyssø I kraftstasjonen, toalettanlegg nord.

Det er montert nytt ventilasjonsanlegg og varmvassstank. Desse kan nytta fjernvarmeanlegget til oppvarming både av lokala og forbruksvatn. Kloakkpumpe er på plass slik at kloakken kan pumpast inn i kloakkleidninga som vart lagt om etter krav om reinseanlegg i kraftstasjonen. Arbeidet er utført av GK Inneklima AS og Rørleggjar Geir Sekse AS.

Oppsummert rekneskap


	Proj. kostn	Adm. 10%	SUM KD midlar
P1349 Tak Smia	294 140	29 414	323 554
P1352 Ventilasjon Smia	215 712	21 571	237 283
P1353 Tak Vitensenter	647 142	64 714	711 856
P1355 Folgefongata eksteriør	511 763	51 176	562 939
Skjeggedalstova	0	0	0
P1342 Toalett Tyssø 1	150 000	15 000	165 000
	1 818 757	181 875	2 000 632

Med venleg helsing
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum.

Knut Markhus,
direktør



Tlf. 932 25 243
E-post: km@nvim.no


Svein Jåstad
Avdelingsleiar bygg & anlegg

Tlf.: 915 73 557
E-post: svein@nvim.no

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep,
0030 Oslo



Dykkar ref.
16/2944-

Vår ref.
163/16-132

Tyssedal, den 10. mai 2016

Bruk av sysselsetjingsmidlar – rapport om status

Viser til brev datert 24.04.2016 der de ber om rapport for status av bruken av sysselsetjingsmidlane.

Post	Skildring	Kalkyle	Adm kostn	Tot kostn	Tilskot	Tilskot	KUD
1	<i>Tak - Bygg 026</i> restfinansiering	2 342 046	117 102	2 459 148	1 954 700	RA	504 448
2	<i>Odda vitensenter</i> <i>tak,</i> restfinansiering inkl pipe	606 500	60 000	666 500	250 000	Uni	416 500
2	<i>Odda vitensenter</i> <i>tak - tillegg</i> <i>takflate nord og</i> <i>sør inkl beslag</i>	154 620	15 000	169 620			169 620
3	<i>Folgefongata</i>	473 290	47 000	520 290			520 290
4	<i>Folgefongt.</i> <i>Omlegging målar</i>	44 000	4 000	48 000			48 000
5	<i>Folgefongt</i> <i>solskjerming</i>	20 000	2 000	22 000			22 000
6	<i>Avtrekk smia –</i> <i>bygg 26</i>	229 470	16 000	245 470			245 470
7	<i>Skjeggedalstova,</i> behandling tak og evt vegger	61 620	12 052	73 672			73 672
	SUM	3 931 546	273 154	4 204 700	2 204 700		2 000 000

Post 1: Tak bygg 026 smia på Smelteverkstomta.

Prosjektet er delfinansiert av Riksantikvaren og fullfinansiert av sysselsetjingsmidlar. Kontrakt er inngått og oppstart var planlagt til 1 april. Fylkeskonservator har bede om utsetjing grunna forseinka sakshandsaming og truleg oppstart er 1. juni. Ferdigstilling i tråd med kontrakt vert 1. okt. Totalentreprise Byggmeister Samson Kjoberg A/S (org.nr. 984 700 504) med ansvar for underentreprenørar.

Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum
Naustbakken 7
N-5770 TYSSDAL

Telefon: (+47) 53 65 00 50
Telefaks: (+47) 53 65 00 51
E-post: post@nvim.no

Bankgiro: 3658.07.61113
Org.nr.: NO 971 356 944
Heimeside: www.nvim.no

Post 2: Odda Vitensenter - tak.

Kontrakt er signert, arbeidet er starta opp med ferdigstilling i juli. Det ligg i det skifer på tverrfløyane på bygget med shingeltak i midtfløy. Opprinneleg var var heile taket tekka med skifter. Tiltaket starta opp grunna lekkasje i shingeltaket i midtfløyen. Stiftelsen UNI løyvde i 2015 250 000 til tiltaket og vi fullfinansierer med sysselsettingsmidlane. Totalentreprenør er Bu Bygg A/S (org. nr. 945 690 437) med ansvar for underentreprenørar.

Post 3: Folgefonngata 11 og 13. tidl. arbeidarbustader– diverse bygningstiltak

Det skal skiftast tak i Folgefonngata 11 og 13. Skifer skal demonterast, ny papp, lekter og reker før remontering av skifer. Det skal utbetrast råteskade i vegg på Folgefonngata 13. Nytt te-kjøkken som gjer at lokala kan nyttast til utleige. Oppstart: 05. september 2016 med ferdigstilling 30.11.2016. Totalentreprenør Bu Bygg A/S (org. nr. 945 690 437) med ansvar for underentreprenørar.

Post 4: Folgefonngata 9, 11 og 13 – Omlegging av straumtilførsel

Omlegging av straumtilførsel. Overslag. Oppstart juni og ferdigstilling i juni. Arbeidet skal utførast av Vebenstad elektro AS (org. nr. 967 566 020)

Post 5: Folgefonngata 9 - solskjerming

Inventaret i arbeidarbustadene forfell grunna sollys. Odda trykk og reklame AS (org. nr. 942 285 086) har gitt tilbod på solfilm på vindauge. Oppstart juni, ferdigstilling juni.

Post 6: Avtrekk smia – bygg 26 på smelteverkstomta i Odda

Grunna krav i arbeidsmiljølova og frå bedriftshelsetenesta må det monterast mekanisk avtrekk over essene i smia. Tilbod er henta inn og me ventar på tilbakemelding frå Fylkeskonservator på igangsetjing. Utførande firma er: GK Inneklima AS (org. nr. 952 391 992), Odda mekaniske verkstad AS (org. nr. 899 543 912) og Vebenstad Elektro AS (org. nr. 967 566 020). Planlagd igangsetjing er medio juni med ferdigstilling til medio august.

Post 7: Skjeggedalstova

Taket på denne gamle røykstova er i tre og må gjerast reint og behandlast med tjære. Delar av veggene må også behandlast. Overslag gitt av Malermester Meusburger AS (org. nr. 982 607 051) og noko eigeninnsats. Oppstart juni og ferdigstilling i juli.

Med venleg helsing
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

Svein Jåstad
Avdelingsleiar bygg & anlegg.

Tlf.: 915 73 557
E-post : svein@nvim.no

Disponering av midlar - 2 mill. frå KD - Avvik i rekneskap i forhold til budsjett

BUDSJETT

Rekneskap 2016

Post	Skildring	Kalkyle	Adm kostn	KUD	Tot kostn	Medgått Totalt	Avvik R og B	KD
1	Tak - Bygg 026 restfinansiering - 1349	2 342 046	117 102	504 448	2 459 148	2 278 254	180 894	323 554
2	Odda vitensenter tak, restfinansiering inkl pipe	606 500	60 000	416 500	666 500			
2	Odda vitensenter tak - tillegg takflate nord og sør inkl beslag	154 620	15 000	169 620	169 620			
	Sum tiltak 2 - 1353				836 120	961 857	-125 737	711 856
3	Folgefonngata	473 290	47 000	520 290	520 290			
4	Folgefonngt. Omlegging målar	44 000	4 000	48 000	48 000			
5	Folgefonngt solskjerming	20 000	2 000	22 000	22 000			
	SUM Folgefonngata - tiltak - 1355				590 290	562 939	27 351	562 939
6	Avtrekk smia – bygg 26 - 1352	229 470	16 000	245 470	245 470	237 283	8 187	237 283
7	Skjeggedalstova, behandling tak og evt vegger	61 620	12 052	73 672	73 672	0	73 672	0
NY	Toalett Tyssø 1 - 1342				788 704	788 704	0	165 000
	SUM	3 931 546	273 154	2 000 000	4 204 700	4 829 037	164 367	2 000 632

Gjennomgang av prosjektene gjennomført for 2 000 000 i sysselsettingsmidlar frå KD

Disponering av tilskot frå KD Andre tilskotsytarar prosjekt

Prosjekt- nr.	KD - medg.	Lønn	SUM KD eks lønn	Adm kostn. - med lønnskostna der	SUM prosj KD midlar	Andre tilskotsytarar prosjekt					SUM PROSJ
						RA	UNI	HFK	OK	AST	
1342 Toalett Tysso 1	150 000	0	150 000	15 000	165 000			95 834	300 000	227 870	788 704
1349 Tak Smia	294 140	0	294 140	29 414	323 554	1 454 700		500 000			2 278 254
1352 Ventilasjon Smia	228 771	13 059	215 712	8 512	237 283						237 283
1353 Tak Vitensenter	647 142	0	647 142	64 714	711 856		250 000				961 856
1355 Folgefongata eksteriør	523 322	11 559	511 763	39 617	562 939						562 939
	1 843 375	24 618	1 818 757	157 258	2 000 633						4 829 037